

Retningslinjer for prioritering av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU) for Innovasjon Noreg Rogaland 2015

Til grunn for retningslinene ligg «Regionalt Bygdeutviklingsprogram, samt oppdragsbrev 2015 frå Fylkesmannen i Rogaland til Innovasjon Norge Rogaland datert 06.03.2015.

I oppdragsbrevet er det lagt til grunn ei fordeling av dei bedriftsretta midlane med

- 75% tilskotsmidlar (85% rentestøtte) til tradisjonelt landbruk
- 25% tilskotsmidlar (15% rentestøtte) til landbruksbaserte næringar.

Definisjonar

Tradisjonelt landbruker tradisjonell husdyrproduksjon (ku- og geitemjølkk, storfe-, sau-, geit-, grise- og fjørfekjøtt, eggproduksjon) og planteproduksjon (grønsaker, potet, korn, gras, frukt, bær).

Landbruksbaserte næringar er ulike produksjonar som kjem i tillegg til, eller i staden for, den tradisjonelle landbruksproduksjonen. Dette spenner frå ulik tenesteproduksjon og foredling av tradisjonelle landbruksprodukt til reiseliv med meir. Felles er at dei er lokalisert på eller knytta til utnytting av ressursane på ein landbrukseigedom.

Felles søknadskriterier

- Prosjektet må vera tilknytt ein landbrukseigedom i aktiv drift, eller føretaket må vere kvalifisert til å søkje produksjonstilskot i jordbruket.
- Landbrukseigedomen må liggje i eit LNFR-område i arealdel i kommuneplanen og ikkje vere regulert til andre formål enn landbruk.
- Er det gitt annan offentleg stønad kan det verke inn på utmåling av eventuell BU-støtte.
- Prosjektet må vere bedriftsøkonomisk lønsamt. For tradisjonelt landbruk er normalt avkastingskrav omlag 10% på kapitalen til det nye prosjektet. Det er då delvis tatt høgde for kapitalavkastning også til øvrig kapital (verdi av gardsbruk, buskap, maskinar, m.m.) som er lagt inn i bruket.
- Alle bygg blir vurderte i høve til den produksjon dei skal nyttast til.
- Søknaden må vere sendt inn elektronisk via nettsida <http://www.innovasjonnorge.no/no/finansiering/>

Utmåling av tilskot

Streng prioritering

Overordna policy og retningslinjer i Innovasjon Noreg tilseier at dei gode prosjekta skal prioriterast. Det er stor BU-søknadsmengde i Rogaland og vi må difor prioritere strengt. Høgast utmåling blir primært nytta i dei prioriterte prosjekta, som til dømes investeringar i store mjølkeprosjekt utanom sentrale område på Jæren.

Utløysande effekt

Finansieringa frå Innovasjon Noreg skal vere utløysande for realisering av prosjektet. Prosjekt som er starta opp vert difor som regel avviste. Tilskot skal ikkje vere større enn det som er nødvendig for å vere utløysande for gjennomføring av prosjektet. Prosjekt med høg samfunnsøkonomisk betydning vil likevel kunne utløyse høgare andel BU-midlar.

Virkemidler – tradisjonelt landbruk

Investeringsmidlar (max 33%) og rentestøtte:

For investeringsmidlar må prosjektet kunne definerast som eit større løft for foretaket, normalt frå kr. 500 000 og oppover.

Rentestøtte blir prioritert til større prosjekt, normalt innafor 70 % av investeringa.

Vanlegvis vil rentestøtte først verta aktuelt til lånerammer frå kr. 1 000 000 og oppover.

Tilskot til generasjonsskifte (max 40% menn, max 60% kvinner):

Det kan løyvast tilskot til mindre investeringar i samband med overtaking av landbruks-eigedom, vanlegvis inntil kr. 1 000 000. Ny brukar skal stå som søker, og det må søkjast innan 5 år etter overtakinga. Det kan kun søkjast ein gong. Det skal leggast særleg vekt på utløyning av utviklingspotensiale og framtidig verdiskaping i den omsøkte produksjon. Prosjekt som inngår som eit første ledd i ei satsing, har prioritet.

Prioriteringar og avgrensingar i høve til ulike prosjekt

Ressursgrunnlag

- Det skal vere godt samsvar mellom gardens arealtilgang, lokalisering av dei disponible areala, kvotegrunnlag og investeringa sitt omfang.

Vedlikehald

- Vedlikehald av bygningar er å rekne som løpande drift, og har ikkje prioritet i investeringsaker, og har låg prioritet i generasjonsskiftesaker.

Mjølkeproduksjon

- Utvikling av mjølkeproduksjonsbruk har høgast prioritet utanom Jæren.

Bruk av beite og beiteressursar

- Småfe-/storfeprosjekt der brukets eigne beiteressursar (innmarksbeite og utmarksbeite) utgjør eit vesentleg omfang av det totale forgrunnlaget, har prioritet.

Bygg i tre

- Ved investering i ny driftsbygning av massivtre-konstruksjon, kan det opnast for å gi inntil 150.000 i tilskot. Bruk av lokalt tre er ønskeleg.

Gjødsellager og fórlager

- Ved nybygg der gjødsellager og/eller fórlager er ein del av nybygget, og dermed totalkostnaden, vil desse kunne inngå i kostnadsgrunnlaget for vurdering av BU-midlar. Bygging av gjødsellager og/eller grovfórlager aleine har normalt ikkje prioritet.

Miljøtiltak (gjødsekkummar)

- Miljøretta utbyggingstiltak har høg prioritet. Områda som er omfatta av prioriterte vassdrag på Jæren, eller miljøavtalar, vil kunne oppnå tilskot. Tilskot gjeld for utviding frå 8 til 12 mnd. kapasitet

Frukthagar

- Vilkår for ordninga om tilskot til etablering av frukthagar går fram av kriteriedokument, datert 27.06.2014.

Juletre

- Vilkår for ordninga om tilskot til etablering av juletrefelt går fram av kriteriedokument, datert 12.03.2012.

Reiseliv

- Utleigeiningar blir normalt berre prioriterte der det er eit visst omfang, og bør vere i kombinasjon med aktivitetsbaserte opplevingar.

Kommunen si rolle

Alle som søker om BU-midler skal kunne få oppdatert og korrekt rettleiing og informasjon om BU-ordninga hjå kommunen. Dei statlege regionale medarbeidarane har ei viktig rolle i dette arbeidet, då spesielt innan landbruksbaserte næringar.

Kommunen skal sjå til at alle relevante opplysningar og vedlegg fylgjer søknaden. Det skal gjevast ei fagleg vurdering av og uttale om det omsøkte tiltaket, personane bak/profesjonalitet, opplysningar om søkeren si eksisterande verksemd, ei fagleg vurdering av denne og det nye føretaket. Vidare skal alle nødvendige avklaringar i høve til offentleg lov- og regelverk og eventuelle privatrettslege tilhøve vere på plass før Innovasjon Noreg handsamar søknaden.

Kommunen er i neste runde også kontrollinstans ved utbetalingar. Oppmoding frå søker om utbetaling av midlar skal såleis sendast kommunen for godkjenning/tilråding.

For søknader som omfattar søkerar frå fleire kommunar er hovudsøklar si vertskommune førsteinstans. Vertskommunen har ansvaret for å samordna saksbehandlinga med dei andre kommunane.